NOTAT

Fra:	KS – Avdeling Samferdsel plan og miljø	Dato:	14.10.2016
Til:	Fylkesrådmannsutvalget og fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet	Dokument nr.:	16-9060
Kopi til:			

Vidare arbeid med det regionale og lokale vassforvaltingsarbeidet.

Notatet handlar om:

- Arbeidet med å følgje opp måten godkjenningsordninga har fungert så langt.
- Finansiering av det regionale og lokale vassforvaltingsarbeidet

Konklusjon: AU for vassregionstyresmaktene får tilslutning til oppgåva med å handtere kontakten mellom fylkeskommunane/vassregionstyresmaktene og KLD.

Kort om bakgrunn:
Som kjent er dei regionale vassforvaltingsplanane no godkjende, med endringar, frå Klima- og miljødepartementet (KLD). Etter at planane vart godkjende, gjennomførte KS og representantar for dei 11 vasstyresmaktene eit møte for å drøfte samarbeid mellom vassregionutvalsleiarane og KS om viktige felles utfordringar framover. Vassregionstyresmaktene har no organisert seg i eit eige arbeidsutval, som består av Hanna Lisa Matt (Vestviken), Terje Damman (Agder) og Ragnhild Vassvik (Finnmark).

Blant dei viktigaste utfordringane som blei oppsummert i møtet var:

- Departementet har gjennomført vesentlige endringar i tiltak knytt til vasskraft
- Overstyring på detaljnivå
- Det har vore stor mangel på kontakt med vasstyresmaktene i prosessen
- Grunngjevingar for endringar er mangelfulle

I tillegg til utfordringar knytt til godkjenningsordninga, er finansiering av vassforvaltingsarbeidet ei stor utfordring. 23. september i år skreiv leiarane for vassregionane eit samla brev til Klima- og miljøministeren og Kommunal- og moderniseringsministeren. Dei uttrykte behov for 30 ekstra millionar kroner i 2017 for å kunne sette dei regionale planane for vassforvalting ut i livet. Regjeringa peikar sjølv på behovet for å oppretthalde kompetansen lokalt. I forslaget til statsbudsjett reduserer Regjeringa midlane som skal gå til dette arbeidet – stikk i strid med kva som trengst. Det er ikkje sett av midlar til sjølve gjennomføringa – som sannsynligvis vil krevje milliardbeløp i perioden fram mot 2021.

<u>Oppfølging til no</u>

KS har meldt opp organisering og finansiering av vassforvaltingsarbeidet som sak til konsultasjonsmøtet med miljø- og klimaministeren 13.11 2016. Her vil KS be om at godkjenningsordninga for vassforvaltingsarbeidet blir evaluert. KS vil også ta opp den manglande finansieringa av det regionale og lokale vassforvaltingsarbeidet. I tillegg vil KS be om at arbeidsutvalet for vassregionstyresmaktene får eit eige møte med administrasjonen i departementet om desse sakene.

KS vil også gjennomføre eit FOU-prosjekt om kommunesektorens kostander med vassforskrifta.

I tillegg er KS representert i direktoratsgruppa for vassforvalting. Saka er elles med som del av det daglege interessepolitiske arbeidet i KS.

Vurdering:
Det er viktig å få til ein systematisk og kontinuerleg dialog med KLD om utfordringane innan vassforvalting og gjennomføring av dei regionale planane. AU for vasstyresmaktene bør få tilslutning til å føre dialog med departementet på vegner av alle fylkeskommunane/vassregionane. I første rekke dreier dette seg om evaluering av godkjenningsordninga og dialog om kostnader for arbeidet med vassregionplanane.